

Gamlegard

Villanger bnr. 5,14
co Vidar Mjøs
Søre Renen 17
5098 BERGEN
tlf 907 88 921
vidar-mj@online.no
Sparebanken Vest
kto 3633.35.76656

Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

firmapost-vest@vegvesen.no

17. mars 2014

Gnr. 18 Villanger i Radøy, bnr. 5. Landbruksavkjørslar.



Landbruksavkjørslene frå fylkesveg 409 til bruk nr. 5 aust for kryssinga av Villangervågen er ikkje lenger brukande på grunn av heva vegdekke og støypt rekkverk på sørsida.

Grendalaget skal som ein del av "Liv- og Lyst - prosjektet ha eit arrangement i området 21. juni 2014.


I denne samanheng er det ønskjeleg å utbetra avkjørslene, slik at ein får tilgang til arealet med tidhøveleg utstyr (traktor med hengjar, liten lastebil).



Sørsida



11. august 2012, ca. kl 1730. Grillfest. Teltet er 14 x 6 m. I framgrunnen : offentleg badeplass på Risnessida Behov for utbetring av eksisterande landbruksavkjørsel, for å kunna koma ned til området med tidhøveleg utstyr ; traktor med tilhengjar, liten lastebil.



Nordsida.



Behov for utbetring av eksisterande landbruksavkjørsel og flytting av haug med skrotmassar (etter vegvesenets rydding av veggrøfter).



Utbetringa av landbruksavkjørslene bør kunna gjerast i eit "spleiseland" der vegvesenet tek ansvaret for tiltak på sin eigedom ; rekverket på sørsida og skrotmassane på nordsida, og elles bidreg med heving av avkjørslene tilsvarande hevinga av fylkesvegen.

Ver venleg og gje oss ei tilbakemelding på korleis vi i samarbeid kan ordna dette - snøgt og rimeleg.



Kopi : *Grendalaget v Tore Villanger, tore-vil@online.no*